

Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell til barn og unge

- Referat frå møte i arbeidsgruppe 1. Torsdag 25. oktober 2018 kl. 09.00 – 10.30 (skype).

Til stade: Inge Olav Fjalestad, Jan Rob, Ane Guro Moen, Kristian Eiken Olsen, Svein Hjort Olsen, Jørn Haug (referent).

Sak 1. Utkast til brev for tilbod til skulene.

Utkast sendt ut på førehand vart drøfta. Semje om at det kan sendast ut slik det ligg føre. Må presiserast at skulene må stille med fleire lærarar om klassene er store. Ansvar Jørn

Spørsmåelt om den kulturelle skulesekken (opplegg i regi av fylkeskommunen) skulle takast med som eit 5. alternativ vart drøfta. Dette retter seg mot 5. klasse og er såleis ei enkel måte å nå dette trinnet på. Arbeidsgruppa ser at det er ein viss fare for at det vert for mange alternativ for skulene å ta stilling til. Det vert difor ikkje teken med i utsendinga nå. Arbeidsgruppa likevel positive til at det går ut som eit separat tilbod. Kostnaden med eit slik opplegg samt organisering og gjennomføring må avklarast nærmare med Snorre Haukalid i Vest – Agder fylkeskommune. Ansvar Jørn

Sak 2. Undervisningsmateriell ref. sak 5 i møte 28.6.2018

Saka gjeld utarbeiding av eit web-basert undervisningsopplegg. Ane Guro har vore i kontakt med Naturfagsenteret, dei har ikkje kapasitet til å gå inn på dette no. Dei kan evt. lenke opp til andre sider om det er ønskjeleg.

Arbeidsgruppa vurderar eit undervisningsopplegg over same lest som Fjellreven i sekken. Sjå <https://www.nina.no/fjellrevisekken>. Ane Guro tar opp saka med Olav Strand.

Sak 3. Ressurser lærebok ref. sak 6 i møte 28.6.2018

Forventa ressursbruk og kostnadar til dette var ikkje drøfta med Olav Strand og Nina Eide (utegløymt).

Alternativ i retning av ei felthandbok vart drøfta. Kan då nytte ein del av materialet som uansett må lagast til opplegget på skulene (ref. sak 1).

Arbeidsgruppa held på at det er ønskjeleg med noko i bokform men at arbeidet ikkje vert prioritert no.

Sak 4. Leirskulene i regionen (Gullingen og Knaben)

Ut frå attendemeldingane ein har fått frå leirskulene er dei mest interessert i utstyr og undervisningsmateriell (inkl. skilt/plansjar i felt) som dei sjølv kan nytte. I tillegg ei kursing om korleis ein praktisk kan nytte villreinen i undervisninga. Villreinsenteret kan bidra med slik kursing.

Jørn sender ei formell henvending til leirskulene med utgangspunkt i spørsmåla i saklista.

Sak 5. Opplæringsjakt 2019

Ein held på eit opplegg der det vert avgrensa til helg og for aldersgruppa 16 – 20 år. Slik det ser ut no er det rom for 2 helger i 2019: 30.8 – 1.9 og 6.9 – 8.9. Kanskje rom for meir i 2020 når kontraktar går ut. Prosjektet budd på bidra knytt til å leige inn instruktør samt marknedsføring. Kristian dreg dette vidare og førespør arbeidsgruppa ved behov.

Sak 6. Eventuelt

Turistforeininga v/Svein meiner prosjektet er eit godt initiativ og der satsinga mot barn og unge er heilt i tråd med eigen satsing. Verksemda er i all hovudsak basert på fiviljuge, turistforeininga positive til å bidra på arrangement etter nærare førespurnad. Naturleg å nytte turisthyttene i samband med skuleopplegget der dette passar inn i opplegget.

Dato for neste møte: onsdag 9. januar 2019 kl. 09.00 – 10.30